



ENDRAR LOVEN: Mosambiks president, Armando Guebuza (i kvitt) har skrive under ein ny lov som mjukar opp abortloven i landet.

FOTO: GIANLUIGI GUEBUZA, AFP / SCANPIX

Afrika er det kontinentet med flest utrygge abortar:

- Ein ekstrem urett

HELSE: To land i Afrika har sjølvbestemt abort. Notar også Mosambik grep for å liberalisere abortloven i landet.

MOSAMBIK

Av Solveig Avelsgaard Lien

Nyleg vedtok Mosambik ein lov som gjer abort til eit lovleg inngrep i mange tilfelle. Frå før er det berre to land i Afrika som har lov om sjølvbestemt abort; Tunisia og Sør-Afrika.

– Utrygge abortar er ein sosial urett som i ekstrem grad rammer kvinner, seier lege og styreleiar i den internasjonale organisasjonen Reproductive Health Matters, Berit Austveg til Klassekampen.

– Over alt i heile verda kan kvinner med pengar kjøpe seg abort. Strenge abortlovar rammer verdas svakast stille,

FAKTA

Farlege abortar:

- Verdas helseorganisasjon (WHO) anslår at 47.000 kvinner mister livet kvart år som følgje av farlege abortar.
- Berre to land i Afrika har fullstendig sjølvbestemt abort; Tunisia og Sør-Afrika.
- Verdas helseorganisasjon anslår at 98 prosent av alle farlege abortar skjer i utviklingsland. Afrika er det kontinentet med flest abortrelaterte dødsfall.
- Mosambik endrar no loven slik at landet får ein meir liberal abortlov.

nemleg fattige kvinner i utviklingsland, legg ho til.

I eit forsøk på å få ned dødstala blant landets mødrar, har styresmaktene i Mosambik vedteke ein lov som legaliserer abort fram til 12. svangerskapsveke under normale omstende. Under ekstraordinære omstende slik som valdtekts eller dersom det er fare for kvenna sitt liv, kan abort fram til 16. svangerskapsveke vere tillaten.

– Det er ikkje noko totalforbod mot abort i afrikanske land, unntekvisstnok Sør-Sudan. Det betyr at dei fleste

tillätt abort dersom det er fare for ei kvennes liv. Men Afrika er generelt eit kontinent med strenge abortlovar, seier Berit Austveg.

Dødelege lovvar

Når det er ulovleg å ta abort, blir abort ofte utført på bakrommet til legar, av tradisjonelle medisinmenn, eller av kvennene sjølv. Dette er ein farleg praksis med tusenvise dødsfall som resultat.

Verdas helseorganisasjon (WHO) anslår at kvart år dør 47.000 kvinner etter abortinngrep, og at 5 millionar kvinner helsa si øydelagt som ein følgje av farlege og ulovlege abortar. Dei slår også fast at nesten alle abort-relaterte dødsfall skjer i utviklingsland.

– Dette er ein betydeleg del av kvennene i verda, seier Austveg, som understrekar at det ikkje berre er dei fysiske skadane frå inngrepa som er grufulle for kvennene.

– Tenk på all den frykta desse kvennene går med, i tillegg til dei fysiske og psykiske skadane dei får, seier ho.

Treig utvikling

Austveg meiner at den generelle situasjonen for abortrelaterte dødsfall er skader i

verda går framover, men at det går veldig sakte framover på det afrikanske kontinentet.

Ho seier at Mosambik lengre har hatt ein streng lov, men ein ganske liberal praksis, der abort i praksis ikkje har blitt straffa. I andre afrikanske land der praksisen er strengare, er det stort sett ikkje kvenna sjølv som blir

straffa for inngrepet, men dei som utfører aborten.

– Men likevel er trusselen om å kunne bli straffa og det å vite at handlinga er straffbar, ei enorm påkjennung for kvennene, seier Austveg.

– Det fører også til ein disiplinering av kvenner som gir menn eit overtag overalt der abort er ulovleg, legg ho til.

solveig@klassekampen.no

Lovar frå kolonitida

Mellom 1950 og 1985 liberaliserte dei fleste industrialiserte landa abortlopane sine med grunngjeving i menneskerettar og tryggleik for kvennene. Men i mange utviklingsland er det framleis veldig restriktive reglar for abort.

Mange av dei afrikanske landas lovvar som forbryr abort stammar frå kolonitida, då europeiske stormakter innførte sine lovvar i dei afrikanske koloniene sine. Mosambiks lov mot abort, som no er på veg til å bli liberalisert, skriv seg frå tida då portugisarane styrte landet.

Sør-Afrika innførte sjølvbestemt abort i 1997, som ein del av antidiskriminering- og likestillingsslovane etter at

apartheid-regimet vart avskaffa, og talet på abortrelaterte dødsfall falt med 91 prosent mellom 1994 og 2000, ifølgje verdas helseorganisasjon (WHO).

Også Etiopia har greidd å redusere talet på abortrelaterte dødsfall kraftig dei siste åra, ifølgje WHO. Fram til 2005 skjedde 32 prosent av dødsfalla blant gravide på grunn av farlege abortar. No er dette talet 8 prosent, mykje på grunn av nye og meir liberale lovvar. Her spelar også bruken av preventjon ein viktig rolle. I 2000 brukte 6 prosent av gifte etiopiske kvenner preventjon, mens 40 prosent bruker det i dag, ifølgje helseorganisasjonen.